



Endra innstilling kom.sak 003/21

Utsendte saksdokument:

Ikkje utsendte saksdokument:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune viser til pågåande områdereuleringsprosess, forureiningslova §11 fjerde ledd og akvakulturlova §15 andre ledd, og gjev samtykke til tillatelse for behandling av akvakultursøknadar for Røbbervika Landbasert Oppdrett. Dette til trass for at det ved behandlingstidspunktet ikkje er i tråd med kommunen sin gjeldande plan, med intensjon om at behandlinga etter akvakulturlova og forureiningslova kan gå parallelt og uavhengig av områdereuleringsprosessen.

Saksgrunnlag:

I etterkant av handsaminga i formannskapet, har kommunedirektøren vorte gjort merksam på at det er behov for ei presisering av vedtaket. I vedtaket frå formannskapet viser ein til akvakulturlova §15. Forureiningslova har imidlertid ein bestemmelse om at ein søknad om utslippstillatelse i utgangspunktet ikkje kan handsamast dersom tiltaket er i strid med arealplanen, og at behandlinga eventuelt krev samtykke frå kommunen, sjå forureiningslova § 11 fjerde ledd andre setning. Difor er det nødvendig med ei justering/presisering av vedtaket.

Saksopplysningar:

Vurderinga av om det skal verte gitt utslippstillatelse er ein integrert del av den samordna søknadsprosessen. Det ville ikkje gitt meining å berre gi samtykke etter akvakulturlova, og ikkje etter forureiningslova. Vurdering er difor at samtykket frå kommunen også må innebere samtykke til at fylkeskommunen kan handsame den delen av søknaden som handlar om at det må verte gitt utslippstillatelse.

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Med dette vedtaket presiserer kommunestyret at vedtaket også inneber eit samtykke etter forureiningslova § 11 fjerde ledd andre setning.

Karl André Birkhol
kommunedirektør